



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 50 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i yrkestransportlova (gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 13. januar 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhald i proposisjonen

Samferdselsdepartementet legg med dette fram forslag til endring av yrkestransportlova § 31. Framlegget gir heimel for å krevje gebyr frå kandidatar som skal ta eksamen knytt til faglege krav for tildeling av løyve for godstransport og persontransport (turbuss, drosje, selskapsvognløyve og løyve for transport for funksjonshemma), samt gebyr for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

2 Bakgrunn og høyring

2.1 Bakgrunnen for lovframlegget

Bakgrunnen for framlegget til lovendring er implementeringa av Europaparlamentets og Rådets forordning (EF) nr. 1071/2009 om innføring av felles regler med hensyn til vilkårene som må oppfylles for å utøve yrket som transportør på vei og om oppheving av rådsdirektiv 96/26/EF (forordninga) fastsett i forskrift av 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) med heimel i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova).

Etter forordninga er det lagt opp til at dei faglege kompetansekrava skal dokumenterast gjennom eksamen som Statens vegvesen (SVV) skal ha ansvaret for. Kostnadene for eksamensordninga skal finansierast gjennom gebyr som skal krevjast inn frå dei som skal ta slik eksamen. Det er behov for heimel i yrkestransportlova for ei slik gebyrordning.

Behovet for lovendringar vart varsla i Samferdselsdepartementet sitt høyringsnotat 9. juli 2014 om endringar av yrkestransportforskrifta ved gjennomføringa av vegpakka i norsk rett, og endringar i løyveordninga og løyveperioden. I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at det var hensiktsmessig at SVV, som einaste instans, skulle arrangere eksamen knytt til dei faglege krava for tildeling av løyve for godstransport, turvogn, drosje, selskapsvogn og løyve for transport for funksjonshemma. I dag gjennomfører kandidatane løyveeksamen og opplæring i dei vidaregåande skulane og hos private utdanningsinstitusjonar som er godkjende av Samferdselsdepartementet. Som det vart vist til i høyringsnotatet, kan ikkje dei vidaregåande skulane og dei private utdanningsinstitusjonane lenger tilby eksamen eller utstede realkompetansebevis for løyve etter at SVV overtek ansvaret for eksamensordninga. Endringa vart gjennomført i yrkestransportfor-

skriften. Den vedtekne føresegna i § 9 om at SVV skal gjennomføre eksamen knytt til dei faglege krava for tildeling av løyve etter yrkestransportregelverket er ikkje sett i verk.

Bakgrunnen for at eksamensordninga hos SVV ikkje er sett i gang, er dels at det har vore ein del faglege og tekniske løysingar som måtte kome på plass først og dels at det må etablerast lovheimel for gebyr som kan finansiere ordninga. Departementet presiserer at endringane i eksamensordninga ikkje vil få følgjer for dei som alle-reie har løyve. Departementet vil vurdere overgangsordningar for dei som i dag følgjer under-visning hos dei vidaregåande skulane og andre undervisningsinstitusjonar.

Dei som har bestått eksamen for gods- og turvognløyve har etter artikkel 21 i forordninga krav på å få utstedt ein attest som bevis på faglig dyktigheit (kompetansebevis). Det vart i høyringsnotatet av 9. juli 2014 lagt til grunn at SVV òg får ansvaret for å utferde kompetansebevis etter forordninga. Det er difor naudsynt med lovheimel for å ta gebyr for å utferde kompetansebevis.

Departementet tek sikte på at SVV vil gjennomføre eksamen frå og med 1. januar 2017 eller så tidleg som mogleg etter dette.

2.2 Høyring

Samferdselsdepartementet sitt framlegg til lovendring vart sendt på høyring den 10. juni 2016 med tre månaders høyringsfrist. Framlegg til endringar i yrkestransportforskrifta vart sendt på høyring samstundes med forslag til lovendringar. Høyringsbrevet med utkast til lovendring vart sendt til følgjande instansar:

SMK

Alle departementa

Datatilsynet

Direktoratet for forvaltning og IKT

Forbrukerombudet

Forbrukerrådet

Utdanningsdirektoratet

Vegdirektoratet

Alle fylkeskommunar og Oslo kommune

Alle fylkesmenn

Akademikerne

Arbeidsgiverforeningen Spekter

Fagforbundet

Hovedorganisasjonen Virke

Kollektivtrafikkforeningen

Kompetanseteam Vest AS

KS – Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon

KS Bedrift

Landsorganisasjonen i Norge

NHO Logistikk og Transport

NHO Reiseliv

NHO Transport

NKI Nettstudier

Norges Lastebileier-Forbund

Norges Taxiforbund

Norges Turbileierforbund

Norsk Jernbaneforbund

Norsk Transportarbeiderforbund

Ruter AS

Transportbrukernes Fellesorganisasjon

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Yrkestrafikkforbundet

Høyringsbrevet med utkast til lov- og forskriftsendringar vart òg lagt ut på departementet sine heimesider på nettet.

18 av høyringsinstansane har gjeve fråsegn i saka. Av desse hadde 7 realitetsmerknadar til høyringsframlegget. Dette inkluderer Norges Lastebileier-forbund, Rogaland fylkeskommune, Norges Taxiforbund, Landsorganisasjonen i Norge, Yrkestrafikkforbundet og Statens vegvesen.

Merknadane frå høyringsinstansane vert omtalt under punkt 3.

3 Gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis

3.1 Gjeldande rett

Det følgjer av yrkestransportlova § 4 at den som mot vederlag vil drive nasjonal eller internasjonal persontransport med motorvogn, må ha løyve. Etter § 5 krevst det særskilt løyve for den som vil drive godstransport med motorvogn mot vederlag.

Eit av krava som må verte oppfylt for å få tildelt løyve er tilstrekkeleg fagleg kompetanse, jf. yrkestransportlova § 4 andre ledd bokstav d. Dette gjeld tilsvarande for tildeling av løyve for godstransport, jf. § 5 første ledd siste setning. Dei nærare krava til kompetanse følgjer av yrkestransportforskrifta § 8 som igjen viser til forordninga art. 8 og 21. Vidare følgjer det av føresegna i § 8 at den som søker om å få løyve som hovudregel må kunne legge frem vitnemål for bestått eksamen frå ei eksamensordning som er godkjent av departementet.

Det finst i dag ikkje ein eigen heimel for å kunne krevje betaling for avvikling av løyveeksamen. Yrkestransportlova § 31 gjev heimel for at departementet i forskrift kan fastsetje at det skal betalast gebyr for utferding av løyvedokument, løyveskilt eller annan dokumentasjon etter lova. Føresegna er ei vidareføring av samferdselslova lov 4. juni 1976 nr. 63 § 15 a.

Etter departementet si vurdering er ordlyden i denne paragrafen ikkje tilstrekkeleg vid eller klar, for å kunne fastsetje forskrift med krav om gebyr frå kandidatar som tek eksamen knytt til faglege krav for tildeling av løyve, eller krevje gebyr for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

3.2 Framlegget i høyringsnotatet

Departementet gjorde i høyringsnotatet framlegg om å endre yrkestransportlova § 31 slik at departementet i forskrift kan fastsetje at det kan krevjast gebyr frå dei som skal ta løyveeksamen og for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

Departementet viste til at det bør vere høve for SVV til å krevje gebyr for avvikling av eksamen og utferding av kompetansebevis. Gjennomføring av løyveeksamen medfører kostnader i form av ressursar til utarbeiding av eksamensoppgåver, personell som skal vere til stades på eksamen og retting av eksamensoppgåvene. Det er naturleg at dei som ønskjer å ta eksamen for å oppfylle krava til dei faglege kvalifikasjonane for løyve, dekkjer kostnadene ved ordninga. Vidare er det naturleg at kostnadene ved utferdinga av kompetansebevis dekkjast av dei som ønskjer å få eit slikt bevis. Departementet viste i høyringsnotatet til at ei gebyrordning må vere tilpassa dei kostnadene SVV har ved å administrere ordninga. Det vart lagt til grunn at gebyra skal vurderast justert kvart år, slik det vert gjort med andre offentlege gebyr.

Departementet la i høyringa opp til at eksamensgebyret vert betalt av kandidaten som skal ta eksamen som eit eingongsgebyr når vedkommande tek eksamen. Det skulle betalast gebyr for kvart eksamensforsøk. Ei liknande ordning gjeld i dag for å ta førarprøven. Departementet la òg til grunn at gebyret skulle omfatte utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen. Gebyr for utferding (produksjon) skulle etter framlegget i høyringsnotatet òg verte betalt som eit eingongsgebyr.

Inntektene knytt til gebyrordningane for eksamen og utferding av kompetansebevis vart i høyringsframlegget føresett å tilkome staten til dekning av kostnadene ved å administrere ordninga.

Sjølve gebyrordningane med betalingsssatsar ville i likskap med gebyra for løyvedokument verte fastsette i forskrifter.

3.3 Høyringsfråsegnene

Rogaland fylkeskommune er positive til at SVV overtek ansvaret med å avvikle eksamen og viser til at det i den samanheng er naturleg at det vert innført ein heimel som gjev høve til å krevje gebyr.

Norges Lastebileier-forbund støttar framlegget frå departementet og meiner den nye ordninga ikkje vil føre til auka kostnader for kandidatar som vil tileigne seg eit løyve.

Norges Taxiforbund meiner det er viktig at gebyra for løyveeksamen og kompetansebevis ikkje vert sette høgare enn sjølvkost.

Landsorganisasjonen i Norge har ingen innvendingar mot framlegget om å innføre ein gebyrheimel. Dei har likevel spelt inn at det er ønskjeleg at departementet vurderer at det «*ved tilfeller der løyveinnehaver kommer i en situasjon som gjør at vedkommende ikke er skikket til å inneha løyve for kortere/lengere periode, og der årsaken ikke er inndragelse av løyve, bør det opprettes en fritaksperiode som gjenspeiler at vedkommende har hatt dette før.*».

Yrkestrafikkforbundet meiner det er uforståeleg at ikkje dei private undervisningsinstitusjonane har vorte pålagde å krevje inn gebyr ved avvikling av eksamen og utferding av kompetansebevis. Dei meiner framlegget frå departementet om ein gebyrheimel potensielt vil gje ei økonomisk belastning for ei yrkesgruppe som generelt har låg inntekt.

Statens vegvesen har ingen merknader til departement sitt framlegg om å innføre ein gebyrheimel. SVV gjer merksam på at dei forstår høyringsframlegget slik at det vil vere tale om eitt gebyr for avvikling av eksamen og eitt for utferding av kompetansebevis. Vidare ber SVV departementet om å presisere at det må betalast gebyr for kvar utferding av kompetansebevis på same måte som for kvart eksamensforsøk. SVV viser elles til at det nyleg har vore på høyring eit framlegg til endring i vegtrafikklova som m.a. vil gje heimel for å gjere vedtak om sperretid for ny førarprøve for kandidatar ved fusk eller forsøk på fusk ved førarprøven.

3.4 Departementet sine vurderingar

Departementet viser til grunngjevinga i høyringsnotatet og held fast ved lovframlegget.

Departementet ønskjer likevel å kommentere dei merknadar som har verte omtala ovanfor.

Når det gjeld merknaden frå Norges Taxiforbund om at gebyret ikkje skal verte sett høgare enn sjølvkost, viser departementet til at det i høyringsframlegget vart lagt til grunn at gebyrordninga ikkje skal vere større enn dei kostnadene SVV har som følgje av å administrere ordninga. Følgjeleg vil gebyret for å ta eksamen og få utferda kompetansebevis verte sett på bakgrunn av sjølvkost.

Kva angår merknaden frå Yrkestrafikkforbundet gjer departementet merksam på at dei private undervisningsinstitusjonane sjølv tek betalt for både undervisning og avvikling av eksamen. Deira krav på betaling for levering av tenester byggjer på privatrettslege reglar og treng ikkje heimel i lov. På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at overføringa av eksamen til SVV vil medføre auka kostnader for kandidatane samanlikna med gjeldande ordning. Departementet viser elles til at kravet om obligatorisk opplæring forsvinn. Departementet viser elles til omtalen under punkt 6 om økonomiske og administrative konsekvensar.

På bakgrunn av merknaden frå SVV, vil departementet gjere merksam på at det skal betalast eitt gebyr for avvikling av eksamen og eitt gebyr for utferding av kompetansebevis. Departementet vil vidare understreke at gebyret for utferding av kompetansebevis vil måtte betalast for *kvar utferding*, på same måte som gebyr for eksamen vil måtte verte betalt for *kvart eksamensforsøk*. Når det gjeld spørsmålet om å innføre sperretid for ny løyveeksamen ved fusk eller forsøk på fusk, vil departementet vurdere om det er behov for eit slikt tiltak i lys av erfaringane ein får etter at den nye ordninga er sett i verk. Departementet vil i denne samanheng òg vurdere om ei slik ordning kan fastsetjast i forskrift, eller treng heimel i yrkestransportlova. Når det gjeld merknaden frå Landsorganisasjonen i Norge gjer departementet merksam på at alle som må gå opp til eksamen må betale gebyret uavhengig av om dei har hatt løyve tidlegare.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er departementet si vurdering at endringane som vert lagt fram ikkje vil få vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for det offentlege ettersom ordninga er gebyrfinansiert basert på sjølvkost.

For dei kandidatane som skal ta eksamen vil ein heimel for å krevje gebyr innebere ein kostnad. Samanlikna med gjeldande ordning går det her eit skilje mellom dei som tek utdanninga på vidaregåande skule og dei som tek opplæring hos dei private utdanningsinstitusjonane. Førstemnde vil få ein ekstrakostnad med den nye ordninga gjennom å måtte ta eksamen hos SVV og dermed måtte betale eksamensgebyret. Kandidatane som følgjer undervisninga hos dei private undervisningsinstitusjonane vil òg måtte betale eit eksamensgebyr, men vil om ønskjeleg kunne lese til eksamen på eiga hand og dermed unngå kostnadene til opplæring før eksamen. Eksamensgebyret er ein eingongskostnad for dei som vil etablere seg i transportnæringa, og vil samla sett difor ikkje vere ein stor kostnad for næringa.

5 Merknad til endringa av yrkestransportlova § 31

Lovframlegget inneber at departementet kan fastsetje i forskrift at det skal betalast gebyr for avvikling av eksamen og utferding av kompetansebevis. Føresegna gjev heimel til å krevje eitt gebyr for avvikling av eksamen og eitt gebyr for utferding av kompetansebevis.

Gebyra vert føresett å skulle dekkje kostnadene til å administrere avvikling av eksamen og produksjon av kompetansebevis. Gebyra skal verte betalt for kvart eksamensforsøk og for kvar utferding av kompetansebevis. Storleiken på gebyra vil gå fram av forskrift og skal vurderast justert kvart år.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i yrkestransportlova (gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i yrkestransportlova (gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til lov om endringer i yrkestransportlova
(gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis)

I

II

I lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy skal § 31 lyde:

Lova tek til å gjelde straks.

§ 31 *Gebyr*

Departementet *kan fastsetje i forskrift* at det skal betalast gebyr for

- a) utferding av løyvedokument, løyveskilt, eller annan dokumentasjon etter denne lova
- b) *avvikling av løyveeksamen og utferding av kompetansebevis.*

